

UTSKRIFT AV MØTEBOKA

for **BYGNINGSRÅDET RADØY KOMMUNE**i møte den **27.04.94.****SAK 27/94 GRO OG EINAR BORGUND, 5120 MANGER.**

Skriv av 12.03.94 med søknad om løyve til å planerra ut for ein opplagsplass for tømmer og opparbeiding av omlag 12 m veg på kommunal eigedom i Austmarka N.

Fotokopi av skrivet m/kartutsnitt ligg ved.

TEKNISK SJEF SIN UTTALE:

Teknisk sjef kan ikkje sjå at omsøkte veg og opplagsplass skulle verta til noko nemnande ulempe for byggefeltet og rår til at søkjaren får byggja omsøkte opplagsplass og veg i samsvar med søknaden og på følgjande vilkår:


- Det må leggjast stikkrenne gjennom den omsøkte veg
- Tømmeret på opplagsplassen må sikrast slik at det ikkje kan rasa ut over eller skada leikande born.
- Terrenget må planerast jamt med vegen.

Teknisk sjef vil elles peike på at det kan vera aktuelt å ha veg liggjande også etter bruken er ferdig. Dette vert å taka stilling til seinare.

VEDTAK:

Bygningsrådet gjev løyve til å planera ut for opplagsplass og byggja veg i samsvar med teknisk sjef si tilråding.

Manger 28. april 1994.


Tove Sylta
e.f.

Går til Gro og Einar Borgund, 5120 Manger